



# ULSTEIN KOMMUNE

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** SUFH  
**Dato:** 12.12.2024  
**Tid:** kl. 14.00 - 21.45

---

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Aurora Dimmen Bratli	Ap	medlem
Hanne Notøy	Ap	medlem
Magne Olav Gurskevik	Ap	medlem
Marianne Breivik	Ap	medlem
Alf Johan Antonsen	Frp	medlem
Bennie Bantilan Hansen	Frp	medlem
Kjell Egil Barstad	Frp	medlem
Knut Erik Engh	Frp	medlem
Egil Ulfstein	H	medlem
Hans Petter Th. Ulstein	H	medlem
Stian Skorgen Scheide	H	ordførar
Stig Ole Borgundvåg	H	medlem
Per Karsten Ødegård	INP	medlem
Per Lorentz Kopperstad	INP	medlem
Arve Eldar Flø	K	medlem
Kjell Peter Lunde	KrF	medlem
Berit Roppen	Sp	medlem
Lisa Mari Breivik Anderson	Sp	varaordførar
Oddvar Gjerde	Sp	medlem
Morten Feiring	SV	medlem
Eldar Knotten	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Mariette Elise Gjerde	Frp	John Birger Våge	Frp
Erica Ruiz Solhjem	H	Erlend Eidem	H
Oscar Overvåg Tafjord	H	Berit Overvåg	H
Anders Åge Myrene	KrF	Hjorth Bjørn Gunnar Tafjord	KrF

Andre som møtte	Representerer	Funksjon
Arne Runar Vik	adm.	kommunalsjef teknisk
Jarl Martin Møller	adm.	kommunedirektør
Karen Strand	adm.	kommunalsjef oppvekst og kultur
Kari Riise	adm.	personalleiar
Kristin Vik	adm.	kommunalsjef helse og omsorg
Monica Cecilie Torp	adm.	kommunalsjef organisasjon og utvikling
Steinar Nummedal	adm.	økonomileiar
Hanne Marte Grimstad Sukka	adm.	kvalitets- og tenesteutviklar

Lars Erling Bjåstad Hovlid	adm.	leiar for inkludering og mangfald
Vedrana Terzic	adm.	prosjektmedarbeidar Ung Arena
Sigurd Moen Myrene	ekstern	streaming
Wasit Thongngoen	ekstern	streaming
Brage Skodjevåg Bø	ekstern	streaming
Trygve Jonsson Flø	ekstern	streaming
Birgitte Vikanes	adm.	politisk sekretær
Ungdomsrådet		

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 140/24	Open talarstol/Spørjetimen	24/2560
PS 141/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	24/2560
PS 142/24	Godkjenning av protokoll	24/2560
PS 143/24	Orienteringar	24/2560
PS 144/24	Referatsaker	24/2560
PS 148/24	Tilbod om kjøp av Sætra barnehage	24/2370
PS 145/24	Avsetning til fond tilbakebetalt eigenkapitaltilskot frå KLP	23/535
PS 146/24	Busetting av flyktningar i Ulstein kommune, 2025	19/14729
PS 147/24	Søre Sunnmøre Reinhaldsverk - Budsjett 2025 og gebyrregulativ 2025	20/1709
PS 149/24	Økonomiplan for UEKF 2025 - 2028 og budsjett for 2025	24/2387
PS 150/24	Budsjett og økonomiplan for 2025-28	24/1984
PS 151/24	Budsjettjusteringar før årsoppgjer	24/1354
PS 152/24	Mynde til uttale	24/2560
PS 153/24	UEKF - Samansetting av styre	24/2560

Ulsteinvik, 13.12.2024

Stian Skorgen Scheide  
ordførar

## PS 140/24 Open talarstol/Spørjetimen

### Behandling:

#### Spørsmål frå Egil Ulfstein (H)

I Vikebladet stod det skrive 18.november i år at det nyleg vart gjort om fem kommunale parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum til private plassar.

For å få til dette, måtte det gjerast eit unnatak frå kommuneplanen sin arealdel. Der heiter det at i føresegnd § 4.3.5 om "Bruk av parkeringsplassar" at «parkeringsplassar på bakkeplan (overflateparkering) kan ikkje reserverast til kundar eller særskilde grupper (unntak for p-plassar skilda eller merka for rørslehemma)».

Då teknisk utval gjorde vedtaket for vel eit år sidan, stod det mellom anna i saksutgreiinga: « Då dei ti første husværa på Sjøsida 2 vart selde, vart det lagt inn i kontraktane at seksjonseigarane skal ha reservert parkeringsplassar utomhus. Denne formuleringa skulle ikkje ha stått der, og den er årsaka til at denne saka vert fremja. Søknaden har som føremål at 10 seksjonseigarar i Sjøsida 2 skal ha disposisjonsretten til 5 dedikerte p-plassar.» Det står eksplisitt i kommuneplanen at parkeringsplassar «kan ikkje reserverast til kundar eller særskilde grupper .....»

Betrer dette, ordførar, at utbyggjarane av Sjøsida 2 har solgt husværa med utanomhus parkeringsplass, noko som dei ikkje hadde?

Kvífor skal desse 10 husværa ha disposisjonsretten for 5 kommunale plassar?

Det står på skiltet at ulovleg parkerte bilar vert taua vekk utan varsel for eigars rekning og risiko.

Det at det er feil formulering i kontraktene, er det einsbetydande med at ein i ettertid skal få tildelt parkeringsplassar på kommunal eigedom?

Er det rettferdig at det er innbyggjarane i kommunen som må betale for det i form av færre tilgjengelige offentlege parkeringsplassar, tapte inntekter til fellesskapet på nesten MNOK 1,4 og med den informasjon som ligg føre no, forskjellsbehandling utan sidestykke?

Ut i frå det ein kan lese i Vikebladet kan det verke som at kravet til antall parkeringsplassar ikkje er oppfylt, men at det likevel blei gitt byggeløyve for Sjøsida 2. Stemmer dette? Har dei fått byggeløyve på feil/ulovlig grunnlag?

Det er fleire som dei siste åra har fått pålegg om å kjøpe seg parkeringsplassar i sentrum, alternativt å betale kr 275 000(sist revidert 05.02.2021). Det står ingenting i Vikebladet om at Sjøsida 2 har betalt noko for desse parkeringsplassane.

Er det då slik å forstå, ordførar, at kommunen driv med forskjellsbehandling? Nokon får pålegg, mens andre slepp unna pålegget for akkurat samme sak, med andre ord ulik praksis for gjeldande reglement vedtatt av kommunestyret. Kva heimel er brukt for å kunne utøve denne forskjellsbehandlinga?

Kven er det som har vedtaksmyndighet til å fråskrive seg inntekter i størrelsesorden kr 1.375.000,-

Ut i frå kva for informasjon som kjem fram, vil det bli vurdert om denne saka blir oversent til Vest Kontroll, på initiativ frå Ulstein Høgre.

#### Svar frå ordførar/kommunedirektør

Utbyggjar av Sjøsida 2 la inn ei formulering i dei 10 første kontraktane om at kjøpar skulle ha ein reservert parkeringsplass på bakkeplan på sameiget sin grunn.

Sidan parkeringskravet er ein p-plass under tak pluss ein halv plass i tillegg, tilsvara denne lovnaden 5 reserverte p-plassar på bakkeplan på sameiget sin grunn. Denne formuleringa skulle aldri ha stått der, og var i strid med gjeldande krav til parkering.

Sjølve parkeringsdekninga for Sjøsida 2 er tidlegare avklara og ivaretaken i byggesaka, dvs. at alle bueiningane har tilgjengeleg parkering både innomhus og ute på opparbeidd p-plass. Dvs. at byggeløyve ikkje er gjeve på feil grunnlag. Det er reservasjonen av 5 p-plassar på bakkeplan som har vore eit stridstema.

På Sjøsida er der nok p-plassar for å dekke kravet i regelverket samla sett, dvs. at der ikkje er tap av potensiell kommunal inntekt knytt t.d. til frikjøp av p-plassar i denne saka, jf. beløpet i spørsmålet nemnt 1,4 mill. kr.

I tillegg til feilen knytt til reservasjon av p-plassar, fekk sameiget på Sjøsida 2 ved ein annan feil frå utbyggjar knytt til seksjoneringa tildelt eigedomsretten til heile arealet på Sjøsida 3. Eigarane på Sjøsida 2 hadde difor eit relativt sterkt maktmiddel overfor utbyggjar. Utbyggjar søkte råd hjå kommunen for å få løyst opp i floken som ein var kome opp i. Etter ein del møteverksemder og korrespondanse, vart det våren 2023 inngått ein intensjonsavtale som samla skulle løyse flokane ein var kome opp i. Og mogeleg dispensasjon frå parkeringsreglane om reservasjon av p-plassar på bakkeplan var eit element i dette.

Avtalen var signert av ordførar for kommunen, styret i sameiget og styreleiar hjå Ulsteinvik utvikling as. Før denne avtalen vart framforhandla og signert, vart det halde møte der leiar og nestleiar av teknisk utval tok del for å bli informerte om saka, frå kommunen tok dessutan ordførar Knut Erik Engh del i lag med administrativ leiing i kommunen.

Dette er ein intensjonsavtale. Den kunne ikkje binde kommunen, men låg til grunn som ei mogeleg løysing m.a. viss teknisk utval gav dispensasjon frå kravet om at p-plassar på bakkeplan kunne reserverast.

Teknisk utval gav slik dispensasjon i møte 05.10.2023, sak nr. 91/23 med heimel i plan- og bygningslova sine føresegner om dispensasjon (§ 19).

Den einaste forskjellsbehandlinga ein kan snakke om er at p-plassar på bakkeplan er reserverte for dei aktuelle seksjonseigarane. Det har sjølv sagt ein verdi for dei, og er til ulykke for allmenta då ingen andre kan nyte dei sjølv om dei står ledige, men her er som sagt ikkje snakk om frikjøpsverdi fordi det samla kravet til p-plassar er oppfylt for prosjektet Sjøsida 2 til liks med Sjøsida 1.

Kommunen har ikkje lide noko økonomisk tap som følgje av handsaminga av saka og dispensasjonen som er gjeven.

## **Spørsmål frå Bennie Bantilan Hansen**

### **Spørsmål 1**

Eg er litt usikker om vi får integreringstilskot i fem år eller tre år. Kan du stille spørsmål til administrasjon?

### **Svar frå ordførar/kommunedirektør**

Integreringstilskot varer i 5 år for ordinært busette flyktningar. Unntaket er familiesameinte, dei løyser ut tilskot i 3 år. For UK sin del har vi stort sett berre personar som løyser ut i 5 år. Satsane for integreringstilskot er følgjande:

År 1: kr 241.000 (einsleg vaksen), 194.400 (vaksen og barn i familie), 187.000 einsleg mindreårig.

År 2: kr 249.500

År 3: kr 177.400

År 4: kr 88.000

År 5: kr 72.000 Barnehagertilskot: kr 27.800,- (første året) Eldretilskot: kr 180.600,- (første året)

### **Spørsmål 2:**

I planstrategien står det at det er lite utanforskap i Ulstein, definert som personer mellom 15-29 år som ikkje er i arbeid, under utdanning eller opplæring, hos norskfødte, men ei stor utfordring hos innvandrere. Det er ei stor auke frå 2021 til 2022. I 2022 var det i Ulstein 34% mens på landsnittet var 21%.

Kven er disse som havnar utanfor? Er det flyktningene som nettopp er busett? Eller er det barna til innvandrarar som har flytta hit for mange år sidan? Eller er det barna til arbeidsinnvandrarar?

I planstrategien står det at eit tiltak for å møte utfordringa er at vi skal fortsette med integreringsarbeid.

### **Svar frå ordførar/kommunedirektør**

Dette er normalt statistikk som NAV sit på, og det har ikkje lukkast å finne nøyaktig statistikk for no-situasjonen.

Nokre generelle innspel:

- Talet på arbeidsinnvandrarar har gått ned, så det er grunn til å tru at det ikkje er dei som utgjer auka.
- Ulstein busette mange flyktningar mot slutten av 2022. Ein stor del av dei var i alderen 15 – 29 år. Det tek tid å lære språk og kome i arbeid. Dei som startar i introduksjonsprogrammet vert ofta registrert som arbeidssøkarar. Dette dreg opp statistikken, sjølv om dei faktisk er i eit kvalifiseringsprogram. Generelt kan ein seie at det tek tid å få folk ut i arbeid eller utdanning, også i aldersgruppa 18 – 29 år. Med det høge talet som er busett dei siste åra, er det grunn til å tru at talet på personar i utanforskap vil auke.
- Etter at den nye integreringslova kom ser ein at aldersgruppa 16 – 18 år dessverre nokre gongar vert gåande for lenge utan tiltak. Det er fylkeskommunen som har ansvar for å gi eit tilbod til denne gruppa, men dei har ikkje same fristar å forholde seg til som ein har i kommunane. Dette kan også påverke statistikken.

Tal frå NAV syner at 10-15 personar frå Ukraina i Ulstein kommune i aldersgruppa 19 – 30 år står utan arbeid eller opplæring per i dag.

Utover dette viser eg til statistikken som ligg i saksutgreiinga. Denne syner sysselsetting og utanforskap generelt for flyktninggruppa frå Ukraina.

### **Spørsmål 3:**

Vi får integreringstilskot i fem år (3 år) for flyktningane som vi har busett.

Etter fem år, om dei framleis ikkje har klart å finne seg jobb eller ta utdanning, kva tiltak har vi for å integrere dei? Har vi eit godt samarbeid med Nav slik at vi har oversikt over kven som treng meir hjelp for å kunne få eit sjølvstendig liv og for å bli integrert?

### **Svar frå ordførar/kommunedirektør**

Flyktningtenesta følgjer normalt opp personar i inntil 5 år. For dei fleste tyder dette at vi følger tett opp så lenge flyktningen går i introduksjonsprogrammet (normalt 6 mnd – 3 år avhengig av vedtak for den enkelte), og så vert oppfølginga gradvis utfasa etter dette. For eit fåtal personar har ein likevel avgrensa oppfølging etter at det har gått 5 år. Ei årsak til dette kan mellom anna vere at ein ser at litt ekstra oppfølging kan styrke sjansane for overgang til arbeid, eller at flyktningen blir verande i ein jobb som hen har fått.

Dersom ein flyktning ikkje har kome i arbeid etter introduksjonsprogrammet, er det NAV som har ansvar for vidare kvalifisering og overgang til arbeid. Det er viktig at NAV gjer dette og ikkje flyktningtenesta. Ei årsak til dette er at NAV har ein stor portefølje av statlege arbeidsretta tiltak, mellom anna mentortilskot, lønstillskot og kvalifiserande tiltak. Bruk av statlege tiltak reduserer den kommunale kostnaden i arbeidet med å få flyktningar ut i arbeid. Flyktningtenesta jobbar ofte tett saman med NAV i overgangen til arbeid for ein flyktning, ettersom NAV sit på andre tiltak enn flyktningtenesta. Lønstillskot har til dømes vore svært nytlig i ei overgangsfase når ein flyktning skal ut i jobb.

Ein vil gå så langt som å seie at vi har eit meget godt samarbeid med NAV. Samarbeidet er regulert i ein eigen samarbeisavtale mellom NAV og Ulstein kommune ved IMU. I tillegg er det utarbeida retningslinjer/rutinar for overgang frå flyktningtenesta til NAV. NAV og IMU samarbeider om ei rekke tiltak, mellom anna utviklingstiltaket «Bru til arbeid», norskopplæring. Dersom ein flyktning ikkje er i jobb etter introduksjonsprogrammet, jobbar ein for at overgangen til NAV skal bli så god som mogleg. Ofte tek nav over kvalifiseringsløpet som er starta i intro, slik at flyktningen held fram i same praksis som hen har vore. Dette gjev kontinuitet og auka sjanse for overgang til arbeid.

Kommunen har full oversikt over status i høve arbeid for flyktningar i introduksjonsprogrammet og ved avslutning av programmet. Etter dette er det NAV som har statistikk og oversikt. Her har NAV gode system og god oversikt over dei som er registrert hjå NAV.

Samstundes er det viktig å merke seg at den høge busettinga dei siste åra har gitt eit press på NAV, og dei har hatt utfordringar i høve kapasitet.

**Spørsmål 4:**

Vi har ein del arbeidsinnvandrarar i kommunen vår. Kva tiltak har vi for å integrere dei bortsett frå tilbod om norskopplæring mot betaling. Har vi eit samarbeid med bedriftene om korleis vi kan inkludere dei i vårt felleskap? Å vere medlem i ei foreining kan vere vegen for å få eit sosialt nettverk. Har kommunen nokon tiltak for skape eit inkluderende samfunn, ikkje berre tiltak retta mot flyktningar men også alle andre innvandrarar? Når ei av våre største utfordringar er å integrere innvandrarar, kva er vår strategi eller plan for å løyse dette?

**Svar frå ordførar/kommunedirektør**

Det ligg ikkje føre ein overordna strategi for integreringsarbeidet i Ulstein kommune, utover det som ligg om integrering i gjeldande kommuneplanar.

Kommunen yter opplæring til gruppa av arbeidsinnvandrarar. Kostnadane til opplæringa er normalt dekka av NAV, arbeidsgjevar eller deltarar sjølv. Frå kommunen si side har ein ikkje konkrete kvalifiseringstiltak retta mot denne gruppa, utover det som NAV gjer for personar som har rett til bistand frå dei.

God integrering i lokalsamfunnet er svært viktig – anten ein er flyktning eller arbeidsinnvandrar. Når kommunen har fleire tiltak retta mot flyktningar enn arbeidsinnvandrarar, er det fordi dette er tenester som kommunen har plikt til å yte, og det følgjer tilskot som dekker kostnadane til dette. Ideelt sett kunne ein hatt fleire tiltak direkte retta med arbeidsinnvandrarar, men ettersom dette ville vore ein communal kostnad som ikkje er lovpålagt, har ein ikkje prioritert dette.

Det er likevel viktig å merke seg at mange av tenestene jobbar godt med å få til god integrering, slik som skule, barnehage og kulturavdelinga. Kulturavdeling har eit breitt arbeid mot alle som bur i Ulstein. Dette er ikkje spissa integreringstiltak, men generelle inkluderingsstiltak for å motverke utanforsk for alle. Dei har sjølv ei lang rekke tilbod, og samhandlar godt med lag og organisasjonar. Dei har også kontakt med ei rekke enkeltpersonar, og jobbar i enkelthøve målretta med å få born og unge med i frivillige lag og organisasjonar. Eit av tiltaka dei har er oversikt over kontaktpersonar til alle lag i Ulstein, som ligg på kommunen si heimeside.

## PS 141/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:**

Innkallinga og saklista vert godkjende med dei merknadane som ligg føre.

**Behandling:**

PS 148/24 Tilbod om kjøp av Sætra barnehage vart flytta fram på grunn av oppmøtt publikum.

Ordførar Stian Skorgen Scheide (H) informerte om at han har mottatt eit brev frå styret i UEKF og styret i UFAS om at dei vil trekke seg.

Styreleiar i UEKF orienterte kort om saka. Det vart oppretta ei sak i møtet.

Eldar Knotten tok opp at Ulstein kommune må fremje ein uttale til høyring om nedlegging av akuttmottaket i Volda sjukehus. Det vart oppretta ei sak i møtet.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

## **PS 142/24 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Protokollen frå førre møte vert godkjend med merknaden som ligg føre.

### **Behandling:**

Oddvar Gjerde (Sp) kom med merknad om at det stod eit feil namn på oppmøtte i protokollen frå førre møte. Det var han som møtte og ikkje Olivia Nesset Drage som det stod i protokollen.

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

## **PS 143/24 Orienteringar**

### **Underliggande sak:**

Saksnr.	Tittel
12/24	Presentasjon av ungdomsrådet
13/24	Orientering om TØRN

### **Vedtak:**

Orienteringane vert tekne til vitende.

### **Behandling:**

Ungdomsrådet gav ein presentasjon av seg sjølve og fortalte om arbeidet dei gjer. Dei svarte også på spørsmål.

Kommunalsjef for helse og omsorg, Kristin Vik, og prosjektleiar Hanne Marte Grimstad Sukka gav ei orientering, og svarte på spørsmål om TØRN-prosjektet.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

## **PS 144/24 Referatsaker**

### **Underliggande sak:**

Saksnr.	Tittel
35/24	Klagenemnda si avgjerd i sak om innkjøp av offentleg tenestepensjon
36/24	Møteprotokoll - Ulstein kontrollutval - 27.11.2024
37/24	Elektronisk pasientjournalsystem i helse og omsorg

### **Vedtak:**

Referatsakene vert tekne til vitende.

### **Behandling:**

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

# **PS 148/24 Tilbod om kjøp av Sætra barnehage**

## **Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek ikkje å kjøpe Sætra Barnehage AS på noverande tidspunkt
2. Ulstein kommune opprettheld krav om forkjøpsrett, slik at seljar ved avtale om sal til andre først må gi kommunen tilbod om å kjøpe til same pris og med vilkår knytt til grunn jf. tidlegare avtale

## **Behandling:**

### **Korrigert forslag, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre**

3. Kommunestyret vedtek ikkje å kjøpe Sætra Barnehage AS på noverande tidspunkt
4. Ulstein kommune opprettheld krav om forkjøpsrett, slik at seljar ved avtale om sal til andre først må gi kommunen tilbod om å kjøpe til same pris og med vilkår knytt til grunn jf. tidlegare avtale

Saka vart flytta fram, jamfør PS 141/24.

## **Gildskapsvurdering**

Aurora Dimmen Bratli (Ap) har eit barn i Sætra barnehage og ho stile derfor spørsmål om gildskapen sin i saka.

Bratli gjekk frå. Det var ikkje kalla inn vara.

Bratli vart samrøystes funne gild med 24 røyster, jamfør forvaltningslova § 6 andre avsnitt.

Ordførar gav ei kort orientering om saka. Kommunedirektør Jarl Martin Møller svarte på spørsmål.

## **Røysting**

Tilrådinga frå formannskapet vart sett opp mot det korrigerte forslaget frå ordførar Stian Skorgen Scheide (H).

Det korrigerte forslaget vart samrøystes vedteke.

## **Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår at Sætra barnehage AS kan gå ut på det opne markedet for sal av barnehagen.

## **Vedtak som innstilling frå formannskapet - 26.11.2024 - 149/24**

1. Kommunestyret vedtek ikkje å kjøpe Sætra Barnehage AS på noverande tidspunkt
2. Ulstein kommune opprettheld krav om forkjøpsrett, slik at seljar ved avtale om sal til andre først må gi kommunen tilbod om å kjøpe til same pris og med vilkår knytt til grunn jf. tidlegare avtale
- 3.

## **Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 13.11.2024 - 100/24**

Kommunedirektøren tilrår at Sætra barnehage AS kan gå ut på det opne markedet for sal av barnehagen.

## **Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 12.11.2024 - 56/24**

Kommunedirektøren tilrår at Sætra barnehage AS kan gå ut på det opne markedet for sal av barnehagen.

## **Vedtak som innstilling frå formannskapet - 19.11.2024 - 128/24**

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å greie ut framtidig organisering innan sektor for oppvekst og kultur. Dette arbeidet startar etter budsjettvedtak i desember 2024 med mål om ferdigstilling i første halvdel av 2025. I forslaget legg ein til grunn å sjå på ressursbruk, struktur og kapasitet på barnehageområdet for å sikre ein føreseieleg, heilskapleg og langsiktig strategi.

Formannskapet ynskjer ein god dialog med Miljøtun AS og legg til grunn at tilbodet vert greidd ut og konsekvensvurdert i prosessen som er skissert og at dette vert levert i tråd med estimert tidsline.

Formannskapet ber om at administrasjonen kjem tilbake med ei sak til formannskapsmøte 26.11.2024 , om vi har fått ei utvida frist med tanke på skissert plan over.

## **PS 145/24 Avsetning til fond tilbakebetalt eigenkapitaltilskot frå KLP**

### **Vedtak:**

1. Tilbakebetalt eigenkapitaltilskot frå KLP på kroner 18 876 412, med frådrag for flyttegebyr på kroner 5 000, vert tilført kapitalfondet.
2. Tilbakebetalt beløp skal ikkje nyttast til andre investeringsføremål enn innbetaling av eigenkapitaltilskot i fall ein ny anbodskonkurranse gir som resultat at kommunen skal tre inn igjen i KLP.
3. Tidlegare praksis med at kommunen nyttar alt som er tilgjengeleg på premiefondet til å betale pensjonsrekningar med vert videreført i Storebrand.

### **Behandling:**

Økonomileiar Steinar Nummedal svarte på spørsmål.

### **Røysting**

Tilrådinga frå formanskapet vart samrøystes vedteken.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Tilbakebetalt eigenkapitaltilskot frå KLP på kroner 18 876 412, med frådrag for flyttegebyr på kroner 5 000, vert tilført kapitalfondet.
2. Tilbakebetalt beløp skal ikkje nyttast til andre investeringsføremål enn innbetaling av eigenkapitaltilskot i fall ein ny anbodskonkurranse gir som resultat at kommunen skal tre inn igjen i KLP.
3. Tidlegare praksis med at kommunen nyttar alt som er tilgjengeleg på premiefondet til å betale pensjonsrekningar med vert videreført i Storebrand.

### **Vedtak som innstilling frå formannskapet - 26.11.2024 - 146/24**

1. Tilbakebetalt eigenkapitaltilskot frå KLP på kroner 18 876 412, med frådrag for flyttegebyr på kroner 5 000, vert tilført kapitalfondet.
2. Tilbakebetalt beløp skal ikkje nyttast til andre investeringsføremål enn innbetaling av eigenkapitaltilskot i fall ein ny anbodskonkurranse gir som resultat at kommunen skal tre inn igjen i KLP.
3. Tidlegare praksis med at kommunen nyttar alt som er tilgjengeleg på premiefondet til å betale pensjonsrekningar med vert videreført i Storebrand.

## **PS 146/24 Busetting av flyktningar i Ulstein kommune, 2025**

### **Vedtak:**

Ulstein kommune vedtek å busette 50 flyktningar i 2025. Familiesameinte kjem i tillegg. Under føresetnad av at kommunen får på plass ein avtale med Sunnmøre folkehøgskule som er tilfredsstillande, stiller kommunestyret seg positiv til at inntil 5 av plassane kan nyttast til busetting av einslege mindreårige over 15 år. Ein slik avtale må godkjennast av kommunestyret før kommunen kan iverksette busetting av mindreårige flyktningar. Budsjettkorrigeringar knytt til eventuell busetting av einslege mindreårige skal gjerast i samband med tertialrapporten. Eventuell busetting av einslege mindreårige med vaksen følgjeperson, inngår som ein del av ramma på 50 personar.

### **Behandling:**

#### **Forslag frå Høgre, foreslått av Egil Ulfstein, Høgre**

- Ulstein kommune vedtek å busette 50 flyktningar i 2025. Familiesameinte kjem i tillegg.  
- Kommunestyret tek stilling til eventuell busetting av einslege mindreårige over 15 år fortløpende, basert på konkrete førespurnader. Basert på at korkje barnevernstenesta eller flyktningetenesta i Ulstein har kapasitet til å yte tenestane som trengs i samband med busetting av einslege mindreårige, vil ei slik busetting krevje at ein evtentuell driftsavtale med Sunnmøre Folkehøgskule er på plass før busettinga kan gjennomførast. Dette for å synleggjere konsekvensane for Ulstein kommune.

#### **Motforslag frå Frp, H, K, V, KrF og INP , foreslått av Knut Erik Engh, Framstegspartiet**

Ulstein kommune vedtek å busette 50 flyktningar i 2025. Familiesameinte kjem i tillegg. Under føresetnad av at kommunen får på plass ein avtale med Sunnmøre folkehøgskule som er tilfredsstillande, stiller kommunestyret seg positiv til at inntil 5 av plassane kan nyttast til busetting av einslege mindreårige over 15 år. Ein slik avtale må godkjennast av kommunestyret før kommunen kan iverksette busetting av mindreårige flyktningar. Budsjettkorrigeringar knytt til eventuell busetting av einslege mindreårige skal gjerast i samband med tertialrapporten. Eventuell busetting av einslege mindreårige med vaksen følgjeperson, inngår som ein del av ramma på 50 personar.

Leiar for inkludering og mangfold, Lars Erling Bjåstad Hovlid, gav ei kort orientering om saka. Han svarte også på spørsmål.

### **Røysting**

Motforslaget frå Frp, H, K, V, KrF og INP vart sett opp mot kommunedirektøren si tilråding. Motforslaget vart vedteke med 24 mot 1 røyst (Berit Roppen (Sp)).

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Ulstein kommune vedtek å busette 50 flyktningar i 2025. Familiesameinte kjem i tillegg.

Inntil 5 av plassane kan nyttast til busetting av einslege mindreårige over 15 år. Ein føresetnad for dette er at ein får på plass ein avtale mellom kommunen og Sunnmøre Folkehøgskule.

Budsjettkorrigeringar knytt til eventuell busetting av einslege mindreårige skal gjerast i samband med tertialrapporten.

Eventuell busetting av einslege mindreårige med vaksen følgjeperson, inngår som ein del av ramma på 50 personar.

## **PS 147/24 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk - Budsjett 2025 og gebyrregulativ 2025**

### **Vedtak:**

Ulstein kommunestyre godkjenner budsjett og gebyrregulativ for 2025 for reinhaldsverket som vist i vedlegg "Forslag til gebyrregulativ 2025"

### **Behandling:**

Kommunedirektøren si tilråding vart samråystes vedteken.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Ulstein kommunestyre godkjenner budsjett og gebyrregulativ for 2025 for reinhaldsverket som vist i vedlegg "Forslag til gebyrregulativ 2025"

## **PS 149/24 Økonomiplan for UEKF 2025 - 2028 og budsjett for 2025**

### **Vedtak:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at økonomiske rammer og føringar, slik det går fram av FSAK 123/24 punkt 1 til 4, vert innarbeid i sak KSAK 150/24 - Budsjett og økonomiplan for 2025-28.

### **Behandling:**

#### **Korrigert forslag, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre**

Ulstein kommunestyre godkjenner at økonomiske rammer og føringar, slik det går fram av FSAK 123/24 punkt 1 til 4, vert innarbeid i sak KSAK 150/24 - Budsjett og økonomiplan for 2025-28.

Der korrigerte forslaget frå Stian Skorgen Scheide (H) samråystes vedteke.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsbudsjettet for 2025 og økonomiplanen for UEKF for åra 2025 - 2028.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner låneopptak for 2025 på 58 304 000 kroner.
3. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i inneverande år og i budsjettåret 2025.

### **Vedtak som innstilling frå arbeidsmiljøutval UEKF - 08.11.2024 - 08/24**

AMU har kjennskap til at det i store delar av bygningsmassen er avdekt behov for utskifting av lysarmatur til led-armatur. Dette må prioriterast for at det ikkje skal gå ut over helse, tryggleik og arbeidsmiljø. AMU meiner difor at det må avsetjast eit årleg beløp på minimum 1 mill. kr i økonomiplanperioden til føremålet, gjerne kombinert mellom investering og drift, 500 000 kr på kvar.

AMU konstaterer at den gjennomførte leikeplasskontrollen viser behov for oppfølging, reparasjonar og utskifting av leikeplassutstyr ved ein del av føremålsbygga UEKF forvaltar. Erstatning av apparat er kostnadskrevjande, og der bør liggje eit årleg investeringsbeløp på minimum 200 000 kr i økonomiplanperioden til føremålet.

AMU sluttar seg elles til økonomiplanframlegget frå dageleg leiar.

**Vedtak som innstilling fra styret i UEKF - 11.11.2024 - 50/24**

**Styret i UEKF si tilråding 11.11.2024**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsbudsjettet for 2025 og økonomiplanen for UEKF for åra 2025 - 2028.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner låneopptak for 2025 på 58 304 000 kroner.
3. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i inneverande år og i budsjettåret 2025.
4. Prosjektet Karsten Warholm stadion (Høddvoll friidrett) vert tilført investerings- og driftsrammer for UEKF og Ulstein kommune som følgjer:

INVESTERING UEKF	2025	2026		
Investeringsramme	15 000 000			
Momskompensasjon	- 3 000 000			
Tilskot	- 1 000 000			
Spelemidlar	- 4 000 000			
Lån	- 7 000 000			
DRIFT UEKF	2025	2026	2027	2028
Avdrag		175 000	175 000	175 000
Renter	315 000	307 000	299 000	291 000
Forsikring	22 500	45 000	45 000	45 000
Husleige frå UK	- 337 500	- 527 000	- 519 000	- 511 000
<b>SUM UEKF</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
DRIFT UK	2025	2026	2027	2028
Husleige til UEKF	337 500	527 000	519 000	511 000
Driftsavtale stadion	50 000	100 000	100 000	100 000
Reklameinntekter frå Dimna IL	- 237 500	- 475 000	- 475 000	- 475 000
<b>SUM UK</b>	<b>150 000</b>	<b>152 000</b>	<b>144 000</b>	<b>136 000</b>
Justere ned avsetting til disp.fond	- 150 000			
Bruk av disposisjonsfond		- 152 000	- 144 000	- 136 000
	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

**Vedtak som innstilling fra administrasjonsutvalet - 19.11.2024 - 16/24**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsbudsjettet for 2025 og økonomiplanen for UEKF for åra 2025 - 2028.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner låneopptak for 2025 på 58 304 000 kroner.
3. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i inneverande år og i budsjettåret 2025.
4. Prosjektet Karsten Warholm stadion (Høddvoll friidrett) vert tilført investerings- og driftsrammer for UEKF og Ulstein kommune som følgjer:

<b>INVESTERING UEKF</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>		
Investeringsramme	15 000 000			
Momskompensasjon	- 3 000 000			
Tilskot	- 1 000 000			
Spelemidlar	- 4 000 000			
Lån	- 7 000 000			
<b>DRIFT UEKF</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Avdrag		175 000	175 000	175 000
Renter	315 000	307 000	299 000	291 000
Forsikring	22 500	45 000	45 000	45 000
Husleige frå UK	- 337 500	- 527 000	- 519 000	- 511 000
<b>SUM UEKF</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>DRIFT UK</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Husleige til UEKF	337 500	527 000	519 000	511 000
Driftsavtale stadion	50 000	100 000	100 000	100 000
Reklameinntekter frå Dimna IL	- 237 500	- 475 000	- 475 000	- 475 000
<b>SUM UK</b>	<b>150 000</b>	<b>152 000</b>	<b>144 000</b>	<b>136 000</b>
Justere ned avsetting til disp.fond	- 150 000			
Bruk av disposisjonsfond		- 152 000	- 144 000	- 136 000
	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

#### Vedtak som innstilling frå formannskapet - 19.11.2024 - 123/24

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsbudsjettet for 2025 og økonomiplanen for UEKF for åra 2025 - 2028.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner låneopptak for 2025 på 58 304 000 kroner.
3. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i inneverande år og i budsjettåret 2025.
4. Prosjektet Karsten Warholm stadion (Høddvoll friidrett) vert tilført investerings- og driftsrammer for UEKF og Ulstein kommune som følgjer:

<b>INVESTERING UEKF</b>		<b>2025</b>	<b>2026</b>		
Investeringsramme		15 000 000			
Momskompensasjon	-	3 000 000			
Tilskot	-	1 000 000			
Spelemidlar	-	4 000 000			
Lån	-	7 000 000			
<b>DRIFT UEKF</b>		<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Avdrag			175 000	175 000	175 000
Renter		315 000	307 000	299 000	291 000
Forsikring		22 500	45 000	45 000	45 000
Husleige frå UK	-	337 500	527 000	519 000	511 000
<b>SUM UEKF</b>		-	-	-	-
<b>DRIFT UK</b>		<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Husleige til UEKF		337 500	527 000	519 000	511 000
Driftsavtale stadion		50 000	100 000	100 000	100 000
Reklameinntekter frå Dimna IL	-	237 500	475 000	475 000	475 000
<b>SUM UK</b>		<b>150 000</b>	<b>152 000</b>	<b>144 000</b>	<b>136 000</b>
Justere ned avsetting til disp.fond	-	150 000			
Bruk av disposisjonsfond			- 152 000	- 144 000	- 136 000
		-	-	-	-

# PS 150/24 Budsjett og økonomiplan for 2025-28

## Vedtak:

- Ulstein kommunestyre godkjenner økonomiplan 2025 - 2028 og årsbudsjett 2025 slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak", med følgande endringar som vist i tabell:

Tiltak		2025	2026	2027	2028	Perioden
Justerering inntekt	Auka skatteanslag frå 93,8 til 94,8 (Auke 1%)	-1400	-1400	-1400	-1400	-5 600
	Folketalsauke 50P - Rammeltilskot / Halv effekt grunna auka kost		-775	-775	-775	-2 325
	Folketalsauke 50P - Skatteinntekter / Halv effekt grunna auka kost		-625	-625	-625	-1 875
	Ny auke saldering - Forhandling Stortinget	-1914	-1914	-1914	-1914	-7 656
	Inntekt ikkje tatt med i KD sitt framlegg	-343	-343	-343	-343	-1 372
	<b>Totalt</b>	<b>-3657</b>	<b>-5057</b>	<b>-5057</b>	<b>-5057</b>	<b>-18 828</b>
Eigedomsskatt	Proveny auke eigedomsskatt	-227	-227	-227	-227	-908
	Reversere tiltak eigedomsskatt 2.25 promille (max 2,00promille i perioden)		4200	4200	4200	12 600
	<b>Sum verknad av oppgåveendringar/innlemmingar</b>	<b>-227</b>	<b>3 973</b>	<b>3 973</b>	<b>3 973</b>	<b>11 692</b>
Fond og Inntekt	Auka avkastning fond/utbytte/renter	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-4 000
	<b>Auka inntekter</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-4 000</b>
	Omlegging av UEKF	-1 595	-1 708	-1 398	-1 182	-5 883
Omrøstningspakke	UEKF - Innsparingskrav til budsjettperioden		-300	-1 500	-2 000	-3 800
	Politikk og administrasjon - ansvar folkevalde		-250	-250	-250	-750
	<b>Sum justering av innsparingskrav</b>	<b>-1 595</b>	<b>-2 258</b>	<b>-3 148</b>	<b>-3 432</b>	<b>-10 433</b>
	Eksstra løyve vedlikehaldsbudsjett og leikeplasskontroll	710	200	200	200	1 310
Nye Tiltak	Auka ramme til kommunale og private barnehagar, og SFO. Ref: verbalpunkt	1914				1 914
	Driftskonsekvens Karsten Warholm Stadio første åra (balanse over tid)	150	152	144	136	582
	Budsjettendring - Auke folkevalde	500	500	500	500	2 000
	Auka stilling demenskontakt "prosjekt" - auke frå 30% til 50%	300				300
	Vidareføre prøveordning Kaukus TV - Møteleiling	52				200
	Interkommunalt samarbeid på ytre sør Sunnmøre	150				150
	Auka ramme for musikkterapi - Helse og Omsorg	200				200
	<b>Sum nye tiltak</b>	<b>3 976</b>	<b>852</b>	<b>844</b>	<b>836</b>	<b>6 508</b>
<b>Endra avsetning til disposisjonsfond</b>		2 503	3 490	4 388	4 680	15 061
<b>Avsetning til disp.fond frå forslag KD 2025-2028</b>		2 919	4 586	1 255	-306	8 454
<b>Endra avsetning til disposisjonsfond</b>		2 503	3 490	4 388	4 680	15 061
<b>Ny avsetning (+)/ bruk av disp.fond (-)</b>		5 422	8 076	5 643	4 374	23 515

Samling av innsparingskrav utover det som ligg inne i budsjett					
Smart prosjekt	Politikk og administrasjon - ansvar folkevalde		-250	-250	-250
	Politikk og administrasjon - Omorganisering UEKF	-1 595	-1 708	-1 398	-1 182
	<b>Sum Politikk og administrasjon</b>	<b>-1 595</b>	<b>-1 958</b>	<b>-1 648</b>	<b>-1 432</b>
	Oppvekst og kultur				
	Teknisk etat				
	Helse og omsorg				
	Ulstein Eiendomsselskap		-300	-1 500	-2 000
	<b>Samsvarer med beløp i omrøstningspakke</b>	<b>-1 595</b>	<b>-2 258</b>	<b>-3 148</b>	<b>-3 432</b>

- Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr 100 224 000, her av kr 16 000 000,- til startlån for vidare tildeling.
- Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2025.
- Ulstein kommunestyre godkjenner sektorane sine nye betalingssatsane for år 2025 slik det går fram av menypunkt "Gebyrliste".
- Ulstein kommunestyre vedtek med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 bokstav g) slikt utskrivingsalternativ for skatteåret 2025:  
Faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglare for petroleum. Etter dette vil følgjande eigedomar vere omfatta av skatteplikt: alle bustadeigedomar og fritidseigedomar (herunder våningshus, garasjar og naust) og ubyggd grunneigedom (ikkje tomter regulert til næring).  
A. Skattesatsen vert sett til 1,5 promille jf. esktl. §11 og §13.  
B. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a kan «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 15.februar 2025.  
C. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 b kan «bygning som har historisk verde» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 15.februar 2025.

- E. Med heimel i egedomsskattelova § 7 c vert nyoppførte bustadhus friteke for egedomsskatt inntil formuesgrunnlaget føreligg, men maksimalt eit år etter oppføring.
- F. Ulstein kommune skal nytte siste tilgjengelege tal frå Skattedirektoratet sitt register for «Formuesgrunnlag for likning av bustader i Ulstein kommune» som grunnlag for egedomsskatten.
- G. Egedomsskatten forfall til betaling over 6 terminar.
- H. Ulstein kommune vedtek å innføre retningsliner for fritak frå egedomsskatt etter § 28 i egedomsskattelova som vist i "Sentrale kapittel - Egedomskatt- Retningslinje fritak etter §28"
6. Det er tatt høgde for busetting av 50 flyktninger i år 2025.
7. UEKF vert innarbeid i budsjett og økonomiplan 2025 - 2028. Jf. tidligare vedtak
8. Ulstein kommunestyre ber administrasjonen om å sette i gang prosessar for å redusere driftskostnadar inn mot økonomiplan 2025 - 2028 med 18,84 mill kroner.

### I dette ligg vurderingar som

- Greie ut endring av organisering oppvekst og kultur og framtidig ressursbruk, struktur og kapasitet på barnehage- og skuleområdet.
- Konsekvensutgreie fjerning og reduksjon av ikkje-lovpålagnad oppgåver
- Greie ut tiltak for avdeling for inkludering og mangfold (IMU) for å møte endringar i behovet innanfor ansvarsområde på kort/lengre sikt.
- Greie ut modell for ressursorientert sakshandsaming og tildelingspraksis i helse og omsorg for lågast effektive omsorgsnivå
- Greie ut framtidig strategi på tilpassa bustadar og bustadmodellar saman med husbanken
- Greie ut strategi for velferdsteknologi og digitalisering i helse og omsorg
- Greie ut vidare heiltidskultur og berekraftig bemanningsplanlegging i helse og omsorg
- Delta i prosjekt «Tørn» - oppgåvefordeling og nye arbeids og organisasjonsformer i helse og omsorgstenesta
- Greie ut sal av tenester og tenestesamarbeid på tvers av kommunar
- Konkretisere trekk i rammer teknisk sektor
- Konkretisere trekk i rammer politisk og administrasjon
- Konkretisere trekk i rammer Folkevalgte
- Konkretisere trekk i rammer Egedom

### Verbalpunkt

1. Barneblikk - Ulstein kommunestyre ønsker at arbeidsmetoden til Barneblikk skal bestå som ein prioritert del av drifta ved helsestasjonen. Kommunen ber om at helsestasjonen gjev ei orientering til levekår om status for prosjektet, erfaringar og læringspunkt så langt, med vekt på korleis metoden bidreg til tidleg innsats og førebygging.
2. Stillingsauka frå 30 % til 50 % for demenskontakt og ei styrking av ramma for musikkterapi. Kommunestyre ber om ei evaluering av tiltaka i forkant av neste økonomiplan.
3. Ulstein Kommunestyre føreset at omstillingssprosjektet lykkast, og at framtidige investeringar vert forsvarlege innanfor eit handlingsrom i budsjettet før nye større investeringar vert settet i gang. Dette inneber at vi i 2025 skal ha konkludert med omstillingspakke og krava i økonomiplanen før vi gir startsignal til nye anbodskonkurransar og investeringar.
  - a. Dette gjeld ikkje det allereie vedtekne prosjektet ny Sundgotmarka barnehage.
4. Kommunestyret ber administrasjonen snarast råd førebu ei sak om korleis ein kan nytte midlane frå nysalderinga på kr 1.914 mill for å styrke barnehagane og SFO i 2025.

Vi ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret seinast i løpet av 1.kvartal 2025.

## Behandling:

### Tilleggsforslag fra SV, foreslått av Morten Feiring, Sosialistisk Venstreparti

Ulstein kommunestyre viser til FSK sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 25 til 28. Auka inntekt på 1.914 mill kr som er forhandla fram mellom SV og regjeringa vert nytta til å redusere innsparinga på oppvekst med tilsvarande beløp: 1.914 mill. kr i perioden 25 til 28.

### Korrigert versjon formanskapet si tilråding - Korrigert Framlegg , foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

1. Ulstein kommunestyre godkjenner økonomiplan 2025 - 2028 og årsbudsjett 2025 slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak", med følgande endringar som vist i tabell:

Tiltak		2025	2026	2027	2028	Perioden
Justerering inntekt	Auka skatteanslag frå 93,8 til 94,8 (Auke 1%)	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400	-5 600
	Folketalsauke 50p - Rammetilskot / Halv effekt grunna auka kost		-775	-775	-775	-2 325
	Folketalsauke 50p - Skatteinntekter / Halv effekt grunna auka kost		-625	-625	-625	-1 875
	Ny auke saldering - Forhandling Stortinget	-1 914	-1 914	-1 914	-1 914	-7 656
	Inntekt ikkje tatt med i KD sin framlegg	-343	-343	-343	-343	-1 372
<b>Totalt</b>		<b>-3 657</b>	<b>-5 057</b>	<b>-5 057</b>	<b>-5 057</b>	<b>-18 828</b>
Eigedomsskatt	Proveny auke eigedomsskatt	-227	-227	-227	-227	-908
	Reversere tiltak eigedomsskatt 2,25 promille (max 2,00promille i perioden)		4 200	4 200	4 200	12 600
	<b>Sum verknad av oppgåveendringar/innlemmingar</b>	<b>-227</b>	<b>3 973</b>	<b>3 973</b>	<b>3 973</b>	<b>11 692</b>
Fond og Inntekt	Auka avkastning fond/utbytte/renter	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-4 000
	<b>Auka Inntekter</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-4 000</b>
Omstillingspakke	Omlegging av UEKF	-1 595	-1 708	-1 398	-1 182	-5 883
	UEKF - Innsparingskrav til budsjettperioden		-300	-1 500	-2 000	-3 800
	Politikk og administrasjon - ansvar folkevalde		-250	-250	-250	-750
	<b>Sum justering av innsparingskrav</b>	<b>-1 595</b>	<b>-2 258</b>	<b>-3 148</b>	<b>-3 432</b>	<b>-10 433</b>
	Ekstra løye vedlikehaldsbudsjett og leikeplasskontroll	710	200	200	200	1 310
Nye Tiltak	Driftskonsekvens Karsten Warholm Stadio første åra (balanse over tid)	150	152	144	136	582
	Budsjettendring - Auke folkevalde	500	500	500	500	2 000
	Auka stilling demenskontakt "prosjekt" - auke frå 30% til 50%	300				300
	Vidarefore proverordning Kaukus TV - Møteleiing	52				200
	Interkommunalt samarbeid på ytre søre Sunnmøre	150				150
	Auka ramme for musikkterapi - Helse og omsorg	200				200
	<b>Sum nye tiltak</b>	<b>2 062</b>	<b>852</b>	<b>844</b>	<b>836</b>	<b>4 594</b>
Endra avsetning til disposisjonsfond		4 417	3 490	4 388	4 680	16 975
Avsetning til disp.fond frå forslag KD 2025-2028		2 919	4 586	1 255	-306	8 454
Endra avsetning til disposisjonsfond		4 417	3 490	4 388	4 680	16 975
<b>Ny avsetning (+)/ bruk av disp. fond (-)</b>		<b>7 336</b>	<b>8 076</b>	<b>5 643</b>	<b>4 374</b>	<b>25 429</b>
Samling av innsparingskrav utover det som ligg inne i budsjett						
Smart prosjekt	Politikk og administrasjon - ansvar folkevalde		-250	-250	-250	
	Politikk og administrasjon - Omorganisering UEKF	-1 595	-1 708	-1 398	-1 182	
	<b>Sum Politikk og administrasjon</b>	<b>-1 595</b>	<b>-1 958</b>	<b>-1 648</b>	<b>-1 432</b>	
	Oppvekst og kultur					
